

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 10.01.2019
Vår ref.: 2019/316-2
Saksbehandlar: sveklyv
Dykkar ref.:

Orientering om prosessen med å oppdatere regional plan for vassforvaltning – Hordaland/Vestland vassregion

Orientering om prosessen med å oppdatere regional plan for vassforvaltning – Hordaland/Vestland vassregion

Regional plan for vassforvaltning 2016 - 2022 for Hordaland vassregion skal oppdaterast. Ny og oppdatert vassforvaltningsplan skal gjelde for perioden 2022 -2027. I samband med regionreforma vert grensene for vassregionane endra. I framlegg til nye vassregionar vert vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane slege saman med verknad frå 1.1.2020.

Nye vassregionar

Klima – og miljødepartementet (KLD) sende 24.10.18 ut eit utkast til nye vassregionar. Her er Sogn og Fjordane vassregion slege saman med Hordaland i ny vassforskrift som vert gjeldande frå 1.1.2019. Nye vassregionar vil då gjelde frå 1.1.2020 og fylgjer den nye regionreforma.

Organisering – fylkeskommunen framleis vassregionstyresmakt

Forslag til revidert vassforskrift var på høyring sist haust. Det var då føreslege at fylkeskommunen ikkje lenger skulle vere vassregionstyresmakt. I brev datert 5.7.18 frå KLD er det presisert at endringar i organiseringa vert stilt i ro og at dette skal sjåast i samanheng med nye oppgåver til fylkeskommunen. I melding til Stortinget (Meld.St. 6. 2018-2019). *Nye oppgaver til regioner* (s. 73) er det presisert at vassressursforvaltning ikkje vert overført frå fylkeskommunen til staten. I brev frå KLD datert 5.7.18 er vassregionstyresmaktane bede om å starte arbeidet med å utarbeide høyringsdokument for planprogram og eit dokument om hovudutfordringar i vassregionen (tidlegare kalla *Vesentlege vassforvaltningsspørsmål*).

Regional plan for vassforvaltning 2016 – 2022

Regional plan for vassforvaltning for Hordaland vassregion med tilhøyrande tiltaksprogram for planperioden 2016-2022 vart vedteke av fylkestinget i desember 2015 og godkjent av KLD i juli 2016. Tiltak for å betre vassmiljøet skal no vere planlagt eller starta. Tiltak i tiltaksprogrammet skal vere operative (planlagd/starta) innan utgangen av 2018 jf. vassforskrifta § 25. Alle sektorstyresmaktar har dei siste månadane rapportert status for gjennomføring av tiltak. Status for gjennomføring av tiltak vert rapportert av Miljødirektoratet til ESA innan utgangen av 2018. Det vert no utarbeidd eit utkast til handlingsprogram for perioden 2019-2021. Gjeldande handlingsprogram gjeld for 2016-2018.

Regional plan for vassforvaltning 2022 – 2027

Tida er no inne for å starte arbeidet med å oppdatere regional plan for vassforvaltning for planperioden 2022 -2027. Fylke som har eit vedtak på å slå seg saman er av KLD bedne om å samarbeide om ein felles vassforvaltningsplan. Det betyr at vi vil førebu ein felles vassforvaltningsplan for Vestland (Hordaland og Sogn og Fjordane) 2022-2027.

I planprosessen skal følgjande plandokument oppdaterast og leggjast ut på høyring innan 1.4.2019

1. Planprogram

2. Hovudutfordringar i vassregionen og i vassområda (Tidlegare kalla *Vesentlege vassforvaltingsspørsmål*)

Fylgjande plandokument vert oppdatert og lagd ut på høyring i 2020. Meir informasjon om desse dokumenta kjem seinare.

3. Regional plan for vassforvaltning
4. Tiltaksprogram
5. Handlingsprogram

Miljødirektoratet har utarbeidd malar for planprogram og hovudutfordringar i vassregionen og i vassområda. Desse ligg på vannportalen og me brukar desse i vårt arbeid.

Planprogrammet

Planprogrammet vil omtale endringar i planområdet for vassforvaltningsplanen frå 1.1.2020. Vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland vert slegne saman frå 1.1.2020 til «Vestland» og departementet har sagt at det er fornuftig at det vert utarbeidd felles planprogram for vassregionen i det nye fylket. Dersom ein ønskjer å endre grensene for vassområda bør dette meldast inn som innspel frå vassområdeutvalet eller kommunane.

Hovudfordringar i vassregionen og i vassområda

Dokumentet Hovudutfordringar inneheld ein oppdatert oversikt over m.a. miljøtilstand, påverknadar og status for gjennomføring av tiltak. Datagrunnlaget vert henta frå databasen Vann-nett. Det er viktig at alle sektorstyresmaktar inkludert kommunane, kvalitetssikrar datagrunnlaget i Vann-nett innfor sine ansvarsområde. Dersom de har data eller opplysningar som bør inngå i databasane Vann-nett og Vannmiljø ber vi om at de sender over datagrunnlaget/ nye opplysningar til fylkesmannen i Hordaland. Kommunane tek kontakt med vassområdekoordinatorane dersom datagrunnlaget i databasane bør endrast/oppdaterast. Fylkesmannen er ansvarleg for å oppdatere Vann-nett og Vannmiljø. Fylkesmannen for Sogn og Fjordane og Hordaland vart slegne saman til ei eining «fylkesmannen i Vestland» frå 1.1.2019. Det skal utarbeidast eigne dokument for kvart vassområde sine hovudutfordringar. Dette dannar så grunnlaget for Hordaland vassregion sitt hovedutfordringsdokument.

Framdriftsplan

Vassregionmynde (fylkeskommunen) i Hordaland har ansvar for å utarbeide framlegg til planprogram og hovudutfordringar i vassregionen.

Utkast til dokument vert tilrådd av vassregionutvalet i Hordaland i møte 15.2. 2019. Eiga innkalling til dette møtet er sendt ut. Dokumentet vert lagd ut på 3 månaders høyring frå 1.4.2019.

Statlege sektorstyresmaktar var med på eit arbeidsmøte saman med Sogn og Fjordane og Hordaland i desember 2018. Kunnskapsgrunnlaget i Vann-nett vart vektlagd på dette møtet.

Det blir halde møte i dei 5 vassområdeutvala i Hordaland før 23. januar 2019. I forkant av møta i vassområdeutvala har vassområdekoordinatorane ein gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget med kommunane. Kommunane må kvalitetssikre kunnskapsgrunnlaget innanfor eigne ansvarsområde innan 15.1.2019. Vassområdeutvala sender utkast til hovudutfordringar i vassområdet innan 25.1.2019 til fylkeskommunen.

Etter høyringsperioden, 1.4-1.7.2019, for planprogram og hovudutfordringar vert det møte i vassregionutvalet hausten 2019.

Oversikt over aktivitetar og fristar går fram av vedlegget. Aktiviteter og fristar kan bli endra på grunnlag av ny vassforskrift.

Tidsplan kommunar vassområda:

Kommunane må kvalitetssikre kunnskapsgrunnlaget innan 15.1.2019

Møte i vassområdeutvala innan 23.1.2019

Ferdig dokument frå vassområdekoordinator om utfordringar innan 25.1.2019

Tidsplan for politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune:

Møte i vassregionutvalet i Hordaland 15.2. 2019

Møte i utval miljø og samferdsel (MISA) 13.3.2019

Møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling, (KIRU) 19.3.2019,

Møte i fylkesutvalet i Hordaland 28.3.2019

Skrivefrist Rogaland 18.2.2019

Skrivefrist Sogn og fjordane 20.2.2019

For nabofylket Rogaland og Sogn og fjordane og Buskerud si høyring av planar omtalar me kun dei områda som er ein del av vårt fylke. Altså enkel handsaming til fylkesutvalet.

Rogaland og Sogn og fjordane fylkesutval skal handsama Hordaland sin plan før den går på høyring.

Til orientering; Nasjonal vassmiljøkonferanse vert halde i Oslo 27. -28. mars 2019.

Kopi til:

Sektormynda

Kommunane i Hordaland

Vassområdeutvala i Hordaland

Sølve Dag Sondbø
klima- og naturressurssjef

Sveinung Klyve
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Sektormynda

Kommunane i Hordaland

Vassområdeutvala i Hordaland